

Årsmelding Ålvik kyrkjelyd 2024

I 2024 hadde Ålvik sokneråd 6 møter. I tillegg har digitale plattformer vore nytta der det var mogleg.

Medlemma av soknerådet

Ida Lindøe, Lisbeth Henriksen, Marie Skeie, Karianne Saksgård; Gudveig Aga Augestad, Arvid Auganæs

Varamedlemmar: Åshild Egdetveit, Andre Dahle, Anders Kvarmestøl Aalvik, Helge Karlsøen.

Leiar: Ida Lindøe

Nestleiar: Lisbeth Henriksen

Skrivar: Marie Skeie

Kasserar: Marie Skeie

Gudstenester

I 2024 vart det halde 17 gudstenester, frammøtte 552 personar. 2 gudstenester har vore særleg tilrettelagt tilrettelagt for borna. Til dømes gudstenesta i samband med gjennomføringa av trusopplæringstiltaket Tårnagentane deltok Øystese barnekor.

2 gudstenester har vore særleg tilrettelagt for ungdommen. Det har vore 7 gudstenester med nattverd. Det var 4 konfirmantar, 1 vigsel og 9 gravferder. Gravferdene hadde 754 deltakarar. Det er arrangert 8 felles gudstenester med andre sokn.

Andaktar

Det har vore 7 andaktar på Ålvik pensjonistheim ved vikarprestane Roar Strømme og Brigt Sigve Skeie. Soknerådet takkar dei for innsatsen.

Tur for kyrkjelyden

Det blei arrangert ein felles tur for sokna til Røldal i 2024 med om lag 60 deltakarar.

Konsertar/ tilskipingar

I desember gjennomført me ein julekonsert med blant anna Ålvik musikklag, Kor i alle dagar og fleire andre musikkinnslag. Det var godt oppmøte med 184 deltakarar.

Strikketreff

Det var 4 strikketreff i 2024. Det vert strikka for prematuravdelinga på Haukeland. Gode økter med mye strikk som vart levert.

Kyrkjeleg fellesråd

Ålvik sokneråd sine representantar i Kvam kyrkjelege fellesråd Ida Lindøe og Lisbeth Henriksen. Vara er Gudveig Augestad og Arvid Auganæs .

Konfirmantarbeid

Fasteaksjon 2024 var i april.

Konfirmantane var bøssebærarar. I tillegg hadde man digital innsamlingsaksjon. Dersom ein nytta facebook-innbetalingsalternativet fekk ein registrert beløpet som innsamla i Ålvik. Me hadde i tillegg innsamling via vipps.

Samtalegudstenesta vart halde i april. Rett etter gudstenesta var foreldre og føresette inviterte til Konfirmantfest i Øystese bedehus. Foreldre og soknerådet bidro til festen. Soknerådet takkar for all den gode innsatsen

Det var kateket Mampionona Andriamandimby og konfirmantlærer Eivind Daniel Røed som hadde ansvaret for konfirmantundervisninga i Ålvik. Undervisninga var saman med Øystese sokn.

Trusopplæringstiltak

Det har vore utdeling av 4- årsbok og 6- årsbok (inkludert førsamlingar).

Det har vore Tårnagentsamling og deltaking på sundagsgudsteneste i etterkant.

Det har vore arrangert babysang i i Vikøy sokn samarbeid med andre sokn og er eit tilbud for alle.

Det har vore to besøk til Ålvik barnehage i 2024.

Kyrkjetenar

Aud Aga var kyrkjetenar i 2024 . Soknerådet takkar for godt arbeid og god hjelp.

Klokkar

Gyda Rosseland er tilsett som klokkar i Ålvik kyrkje. Ho fekk innvilga permisjon eit år frå sommaren 2024, og Linde Berdal Hovdane er tilsett som vikar fram til sommaren 2025. Ein stor takk for arbeidet dei gjer.

Frivillige

6 frivillige medarbeidarar var engasjert i arbeidet i kyrkjelyden. Ein stor takk til alle!

Endring av liturgi

Det vart halde soknemøte etter gudstenesta 3. november. Saka gjaldt endring av liturgiske ledd i høgmesseliturgien. No er det lik liturgi i alle sokna.

21 deltok og endringane vart vedtekne.

Innkjøp

Det har vore kjøpt inn to nye utebenkar som står ved gravlunden. Kjøpt for ein del av ei testamentarisk gåve.

Sluttkommentar.

Soknepreststillinga har vore utlyst for femte gong i 2024, det har dessverre ikkje vore aktuelle kandidatar. Denne stillinga blir utlyst på nytt i 2025. I 2024 har Brigt Sigve Skeie og Roar Strømme vore vikarprestar i soknet. Ein stor takk for deira arbeid i kyrkjelyden. Me håpar ny sokneprest snart vert tilsett.

Det var vore gjort ein del vedlikehaldsarbeid ved Ålvik kyrkje, dette har i hovudsak vore med soknerådsmedlem Arvid Auganæs i samråd med kyrkjeverje, Olav Skeie Lid. Ålvik kyrkje treng fleire utbetringar, det er laga ei prioritert liste hjå kyrkjeverja, og Ålvik kyrkje rykker stadig nærmare i køen.

På vegne av Ålvik sokneråd,

Ålvik, 25.03.2025

Ida Lindøe,
soknerådsleiar.